



**SIM**

Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

# SIM nytt

2/2010

Juni • Årgang 17



## Rett frå dunken



## Konteinar for ikkje-brennbart

SIM har innført ein konteinar for ikkje-brennbart restavfall på alle miljøsentralane. Her skal doskåler, badekar, murstein og anna som ikkje brenn, kastast. Det brennbare restavfallet vert sendt til energigjenvinning, medan det som ikkje brenn framleis skal leggjast på avfallspllassen i Svartasmøget.

## Gebyrpengar til opprydding

Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif) foreslår at kommunane skal få høve til å bruka avfallsgebyret til å finansiera opprydding av forsøpling. Det er i så fall einstydande med at hushaldningane vil få rekninga for ryddejobben. Klif har ikkje laga noko konkret lovforslag enno, men avventar ei tilbakemelding frå departementet.



# Sorter boset på tilhengjaren

Kundehandsamar Olaf Skram i SIM.

**Jobben på miljøsentralen vert enklare om du sorterer boset på tilhengjaren før du reiser heimefrå.**

– Det er lurt å plassera same type bos side om side. Då slepp du mykje springing att og fram på miljøsentralen, tipsar kundehandsamar Olaf Skram i SIM.

Avfall som du ikkje får plass til i bosunken, eller som du ikkje har lov til å kasta der, kan leverast til miljøsentralen. Der må kunden sortera sitt eige bos, og det kan bli ein stor jobb om tilhengjaren er tilfeldig lasta. Det blir ofte mykje att og fram mellom konteinarane før alt er på rett plass.

## Ingen fasit

Det finst ingen «fasit» for korleis tilhengjaren bør lastast, då konteinarane ikkje står i same rekkefølge på alle miljøsentralane. Det nærmeste me kjem er ei opplasting av dei typane avfall me sorterer i på miljøsentralen, så kan tilhengjaren lastast etter det:

- Hageavfall
- Plastemballasje og folieplast
- Papp og papir
- Trevirke
- Metall
- EE-avfall og kvitevarer
- Farleg avfall
- PCB-haldige vindauge
- Glas- og metallemballasje
- Dekk
- Brennbart restavfall
- Ikke-brennbart restavfall



## Biotømmering i varmen

Det kan vera ei utfordring å halda biodunken fri for fluger og makk i varmen. Heldigvis finst det hjelperåd. Det viktigaste er å spyla dunken rein etter kvar tømming. Brukar du i tillegg ein innerpose av mais, blir reinhaldet av dunken enklare. Maisposane kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM og kan kastast i lag med bioavfallet.

Hugs å lukka bioposane kvar gong du har fylt i dunken. Biodunken bør stå på skuggesida av huset, men vis uansett omsyn til naboen når du vel plassering.



## Unngå fuktig gras i biodunken

Unngå store mengder fuktig plengras i biodunken. SIM har opplevd at dunkar som har vore fulle av tungt, vått gras har blitt øydelagde når bobilens løfta dei opp.

## Framleis returkartonglotteri

SIM får spørsmål om kjeldesortering av drikkekartong, og om returkartonglotteriet framleis pågår. Det gjer det. Alle kan vera med i lotteriet. For å delta må du skylla, bretta og stappa fem-seks drikkekartongar oppi ein sjuande til ein kubbe. Skriv namn og telefonnummer på kubben og kast den i papirdunken. Korkane kan vera på. I 2010 vert det delt ut 1,6 millionar kroner i premiar til kartong-sortererar.



## Kontakt oss ved manglende tømming

Meld frå så snart som råd dersom bobilens køyer forbi utan å tømma dunken din. Det er enklare å ordna ekstratømning når bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute.

### For feilmelding:

Austevoll, Kvinnherad og Tysnes: Tlf. 95 25 35 20.  
Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio: Tlf. 95 25 35 15.

Feilmelding kan også sendast elektronisk på [www.sim.as](http://www.sim.as).



# Sparte pengar på dunken

*- Ved å sortera betre og kasta mindre klarte me oss med ein mindre restavfallsdunk og sjeldnare tømming, seier Terje Grov. 1 600 kroner spart i året.*

**Stordabuen Terje Grov sparte 1 600 kroner i året på å byta ut restavfallsdunka med ein mindre og ha sjeldnare tømming.**

– Eg hadde ikkje trong for den store dunken og bytta den ut. Dermed sparte eg nokre kroner på renovasjonsabonnementet, seier han.

Grov hadde i utgangspunktet ein 240 liters dunk med tømming annakvar veke. I dag klarar han seg med ein 140 liters dunk og tømming fjerdekvar veke.

– Me må sjølv sagt vera flinke til å sortera og prøva å kasta mindre, men det går greitt, seier han.

### Fleksibel ordning

Renovasjonsgebyret avheng av kor mykje bos du leverer og kor ofte bobilens tømmer hos deg. SIM har ei fleksibel renovasjonsordning og mange kan spara pengar på å gjera som Terje Grov og tilpassa abonnementet til sitt behov.

### **Det er fleire måtar å redusera gebyret på:**

- Ta bort «2-talsordning» på restavfallet
- Be om bosdunkar med mindre volum
- Dela dunkar med andre
- Kompostera heime
- Sortera ut plastemballasje og glas- og metallballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.

### **Deling**

*Deling av dunkar* er mest aktuelt i husvære med kjellarleilegheit, i gårdstun eller burettslag. Vilkåret for å få dela er at «fellesskapet» er praktisk gjennomførbart, altså at dei som skal dela dunkar bur i nærleiken av kvarandre.

To abonnentar kan dela ein 140-liters dunk, tre kan dela ein 240-liters dunk, medan seks kan dela ein 660-liters dunk.

Det er naturlegvis også råd å bestilla *større* dunkar og/eller oftare tömming. I så fall vert ordninga dyrare. *Ekstrasekken* kan også vera eit alternativ når bosunkenen ein sjeldan gong vert for liten. Den får du kjøpt hjå SIM, på miljøsentralen eller rådhuset.

– Alle som er i tvil om dei har rett abonnement, bør kontakta oss. Ingen treng betala meir enn nødvendig for renovasjonen, seier kundehandsamar Trine Tverborgvik.

### **Todelt renovasjonsgebyr**

SIM sitt renovasjonsgebyr er todelt og består av *abonnementsgebyr* og *dunkgebyr*. *Abonnementsgebyret* dekker kostnadene med behandling av farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall, kvitevarer, plastemballasje og glas og hermetikk som kjem inn på miljøsentralar og returpunkt. Kommunane sine eigenkostnader er også med her, og difor varierer abonnementsgebyret frå kommune til kommune.

*Dunkgebyret* er likt i alle SIM-kommunane og avheng av storleik på dunkane og kor ofte ein leverer restavfall.

Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for fullstendig gebyroversikt.

## **Golvbelegg er farleg avfall**

Vinylgolv og vinylgolvlister produsert før 2000 har ofte høgt innhold av mjukgjærarar (ftalat) og er å sjå på som farleg avfall, melder Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif, tidlegare Sft), som har fått kartlagt eit utval bygningsmaterialar for innhold av miljøgifter.

Også isolerte garasjeportar og kjøleromsvegger produsert før 2003, og isolerglassvindauge produsert mellom 1975 og 1990, inneholder miljøgifter og er farleg avfall.

Det ovannemnde kan dermed ikkje kastast i bosunkane, men skal leverast inn på miljø-

sentralen. Farleg avfall skal ikkje blandast med vanleg avfall av di det inneholder miljøgifter som kan gje skade på menneske eller dyr.

*Golvbelegg er klassifisert som farleg avfall, seier kundehandsamar Ellen Helland.*



*Plastemballasje samla inn i Fitjar vert sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning.*

## **Plastprosjektet halvveis**

SIM køyrer i 2010 eit prøveprosjekt på innsamling av plastemballasje i Fitjar kommune. Det er friviljug å vera med. Målsetjinga er å finna ut om SIM sine abonnentar ynskjer plastinnsamling, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få plasten henta heime hos seg.

Plastprosjektet er snart halvveis. Sidan oppstart har SIM køyrt fem innsamlingsrundar. Kvar femte abonnent i Fitjar set ut sekker med plast kvar gong. Alt i alt er det samla inn om lag tre tonn plast som er sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning.

Til no har det vore gratis å levera, men frå hausten av måneden deltagarane betala eit gebyr. Nærare informasjon om dette kjem i august månad.

Abonnentar i dei andre SIM-kommunane kan naturlegvis også sortera ut plastemballasje, men har ikkje tilbod om henting. Dei må sjølvle levera plasten til miljøsentralen. Det er kostnadsfritt å levera. Be SIM om å få tilsendt sekker til å samla plastemballasje i.



## **Kompostjord på lager**

Kompostjord og plenblanding får ein kjøpt på alle SIM sine miljøsentralar. Produkta er framstilt av matavfall og høver framifra som jordforbetringsmiddel i hagar med skrinn jord og som topplag på grasplener og i bed.

Prisen har vore uendra i mange år: Kr 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder.

I Svartaskogen og på Husnes er det råd å få hjelpe til å lasta molda på tilhengjar. Kunden må sjølv ha med tilhengjar.

Opplasting kostar kr 75.

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmøget  
N-5419 Fitjar



## ØVREBYGDA SKULE



Dei glade teiknarane frå Øvrebygda skule. Framme f.v.: Helene V. de Fine, Jonas Moldskred, Linn Merete Bod Nes, Malene Alsaker, Daniel Skarpnes og Øyvind Rydland. Andre rekka f.v.: Malin Tislevoll, Ailin Vik, Klement Bod Fykse, Andreas Koloen, Benjamin Fjelltun, Kristian Bod Nes og Steffen Strand Korsnes. Bak f.v.: Lærarane Birte Steinsland og Vigdis Røen Leirvik.

## Øvrebygda vann teiknedugnaden

Tredje- og fjerdeklassen ved Øvrebygda skule i Fitjar kommune vart trekt ut som vinner av SIM sin teiknedugnad våren 2010. Premien, eit gavekort på 2 500 kroner, vart overrekt elevane i klasserommet fredag 11. juni.

Nær 600 fjerdeklassingar frå heile Sunnhordland har vitja Svartasmøget i vår for å sjå korleis boset vert behandla, og for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. Mange av elevane sende

SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eit eller anna som hadde med bosbehandling å gjera.

### Kun for hytteabonnentar

Hyttekonteinarane er ein del av hytteabonnementane si renovasjonsordning. Det er berre dei som betalar abonnement for hytterenosjon som har lov til å bruka konteinrarane. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom du observerer misbruk, konteinaren er full eller boset flyt på utsida. SIM ynskjer at det skal vera reint og ryddig kring konteinrarane.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmøget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as

## Opningstider miljøsentralane 2010

### Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Fitjar og Stord, Svartasmøget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:  
Torsdagar kl. 08.00–18.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.  
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

### Kvinnherad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.  
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.  
Påskeaftan stengt.

### Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.